

**Sakshandsamar:**

Sissel Lillebø Aarseth

E-post: Sissel.Lillebo.Aarseth@sfj.no

Tlf.: 91152030

Vår ref.

Sak nr.: 18/7696-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

40105/18

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 29.08.2018

Notat

Til: Hovudutval næring og kultur**Frå:** Fylkesdirektøren

Kommunesektorens rolle i nasjonal kulturpolitikk - KS-rapport. Nye oppgåver og ansvar for fylkeskommunane.

KS har utarbeidd ein rapport om kommunesektoren si rolle i nasjonal kulturpolitikk, jf <http://www.ks.no/globalassets/vedlegg-til-hvert-fagomrader/utvikling/fou/fou-rapporter/kommunesektorens-rolle-i-nasjonal-kulturpolitikk.pdf>

Bakgrunnen er regionreforma og ei kartlegging av fylkeskommunen sine oppgåver og kompetanse på kulturfeltet. Oxford research har utført kartlegginga og laga rapporten. Rapporten ser også på nye oppgåver og ansvar for fylkeskommunen i samband med regionreforma.

Bakgrunn

Staten har nasjonal mynde, men set også rammer for fylkeskommunane og kommunane. Sjølvrådetretten for kommunar og fylkeskommunar varierer frå saksområde til saksområde. Fylkeskommunane har historisk sett ei rolle som samfunnsutviklar i forvaltning av norsk kulturpolitikk. Korleis dei ulike fylkeskommunane brukar og prioriterer kunst og kultur i regional utvikling varierer mykje. Variasjonane kjem av historiske regionale vegval og av ulike geografiske omsyn og føresetnader. Dei føreståande strukturreformene vil skape eit mogleighetsrom der regionane kan spele ei sterkare rolle på kulturområdet.

Mandatet er å dokumentere fylkeskommunane si kompetanse, rolle, ansvar og handlingsrom på kulturområdet. Ein skal skildre forventningane dei andre forvaltningsnivåa har til fylkeskommunen og gi råd om korleis samhandlinga kan styrkast. Ein skal også gi råd om korleis ein kan styrke fylkeskommunane sin kapasitet og kompetanse til å vere ein sterkare samfunnsutviklar i framtida. For å få eit bilde av situasjonen har ein m.a. intervjuet fylkeskultursjefar og politikarar innan kulturfeltet, spørjeundersøking blant tilsette for å kartleggje kompetanse samt delteke på ulike innspelsmøter og fora.

Funn/resultat

Dei viktigaste funna i rapporten er at fylkeskommunen sitt handlingsrom innan kultur i teorien er nærast uendeleg, men er avgrensa i praksis av økonomiske rammer og statlege føringar og satsingar.

Forventningane til fylkeskommunen frå stat og kommune varierer. Statlege aktørar viser til ei framtidig handsaming på politisk nivå og avgjerd om oppgåvefordeling i regionreforma, samt viser til kulturlova som ramme for dei ulike forvaltningsnivåa sitt ansvar. Kommunane har, litt overraskande, lite refleksjon over kva dei forventar av fylkeskommunane i lokal kulturpolitikk. Forventningane er gjerne retta mot fylkeskommunane sitt tilbod i dag og ei forventning om fylkeskommunal delfinansiering av kommunen sine prioriterte satsingar innan kultur. Kommunane held likevel fram fylkeskommunane som ein av sine viktigaste samarbeidspartnarar i utvikling og realisering av lokal kulturpolitikk.

Alle fylkeskommunar omtalar rolla og oppgåvene innan kulturpolitikk som samfunnsutvikling. Rolla vert skildra som ei samordningsrolle internt i organisasjonen mellom ulike sektorområder, den

omfattar også kompetanseutvikling, ansvar for å mobilisere aktørar i kulturlivet og skape nettverk og møteplassar/arenaer for samarbeid.

Omgrepet samfunnsutvikling er tvetydig og opnar for mange tolkingar som kan gjere det vanskeleg å avgrense ansvar og oppgåver. Fleire fylkeskommunar opplever at det er få statlege føringar og lite dialog med staten om prioriteringar og regionale oppgåver og ansvarsområder. Manglande dialog vert vurdert både som eit problem men og ei styrke, der den gir fridomen og rom for å dyrke regionale særpreg både kulturelt og kunstnarisk. I følgje rapporten gir dette utslag i 18 ulike modellar med eigne prioriteringar og ambisjonar for kunst og kultur. Det gir også ulik organisering av kulturfeltet internt i fylkeskommunane, frå store, dedikerte kultureiningar til mindre avdelingar som også dekker opp andre oppgåver. Dette er regionane sin styrke gjennom at ulikskap knytt til lokal kultur, identitet, språk og geografi vert anerkjent og gitt legitimitet. Ulikskap reflekterer også behovet for ulike verkemiddel og tiltak i ulike delar av landet for å nå måla for nasjonal kulturpolitikk.

Det har tidlegare ikkje vore kartlagt kompetanse blant tilsette i fylkeskommunen innan kultur. Formell og reell kompetanse viser seg å vere svært høg i fylkeskommunane. 90 % av tilsette har høgare utdanning innan relevante felt og lang arbeidserfaring frå kulturfeltet. Kompetanse og kompetansebehov vert styrt utifrå oppgåvene fylkeskommunane har i dag og av ambisjonsnivået til den enkelte fylkeskommune. I rekrutteringsprosessar har fylkeskommunane god tilfang av søkjarar med mastergrad eller forskarutdanning. Kulturfeltet er dynamisk og i konstant endring. 80 % av dei tilsette har tilgang på kompetansehevande tiltak.

Vegen vidare etter regionreforma

Rapporten slår fast at det er viktig at politikk og oppgåver i fylkeskommunane vert forvalta så nær deltakarane, utøvarar og publikum som råd er. Rapporten viser til kritikk av kommunereforma i Danmark (2007) der lokaldemokratiet i dei nye storkommunane vart redusert, oppgåver vart pålagt utan at det følgde med midlar og resultatet vart eit dårlegare servicetilbod. Ei reform utan reelle endringar i oppgåvene og dei økonomiske føresetnadane er i prinsippet ikkje ei reform. Den føreslåtte oppgaveoverføringa styrker dei nye regionane med avgjerdsmynde og betrar fylkeskommunen sine føresetnader for å utøve samfunnsutviklarrolla. Om ekspertutvalet sitt framlegg vert vedteke vil det representere ei radikal endring i ansvarsområda for alle dei tre forvaltningsnivåa. Eit ev. større handlingsrom for fylkeskommunane i den nasjonale kulturpolitikken krev strategisk arbeid for å styrke fylkeskommunane sin kompetanse og kapasitet for å vere ein samfunnsutviklar på kulturfeltet.

For å bidra til å nå nasjonale mål for kulturpolitikken konkluderer rapporten med desse råda:

- Fylkeskommunane bør spisse ambisjonane for kunstfeltet som eit eige felt, men også på tvers av politiske og administrative sektorar internt i fylkeskommunen. Med ein posisjon mellom kommune og stat, og gjennom å nytte element både frå det vide kulturomgrepet og det snevre kulturomgrepet (dei estetiske uttrykka), er fylkeskommunen i ein nøkkelposisjon til å fremje kunst og kultur med utgangspunkt i regionen sine føresetnader og på eigne premisser.
- For politikktutformarar og avgjerdstakarar vil det vere viktig å stadig auke kompetansen knytt til særleg det snevre kulturomgrepet. Dette gjennom strategisk rekruttering for å styrke felt der ein allereie er gode, for å drive fram større og meir ambisiøse kulturprosjekt kopla til utdanning og forskingsmiljø, noko som igjen fører til meir kunnskapsutvikling på kulturfeltet.
- Forankringsarbeid i kommunane er heilt avgjerande for å lukkast med oppgåva å realisere regional kulturpolitikk. Rapporten rår til at fylkeskommunen anerkjenner og kjem kommunane i møte i lokal kommunepolitikk i fylkeskommunale handlingsplanar. Å møtast regelmessig med forpliktande avtalar mellom forvaltningsnivåa vert også strategisk viktig. Regionale planar vil få større gjennomslagskraft og betydning om dei utfyller og supplerer handlingsplanar i kommunesektoren, og motsett. Dei viser her til den svenske *kultursamverknadsmodellen*, der regionane har styrkt rolla si ved å auke den kulturelle og politiske dialogen på kommunalt og regionalt nivå.
- «Låsningseffektar» for delfinansiering mellom dei tre forvaltningsnivåa må avviklast. Dette vil bidra til å styrke regionen sin moglegheit til å fremje langsiktige og føreseielege planar og satsingar. Når regionane sjølve kan styre midlane over eigne budsjettperiodar vil ein få lengre tidshorisont enn statsbudsjettet. Dette fordrar fast dialog og tillitsbygging mellom dei tre forvaltningsnivåa. Tillit kan byggast gjennom føreseieleg politikk for utøvarar og deltakarar. Rapporten viser til at det er eit sterkt behov for at staten initierer eit forpliktande dialoginstitutt for å handtere kulturpolitiske satsingar der desse føreset kommunal og fylkeskommunal medverknad. Samtidig må ein ha ordningar som fangar opp det uføreseielege møtet med nye kunst- og kulturuttrykk.